



Alver Kommune  
Att: Lars Ottar Sagstad  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Alver kommune - Uttale til søknad om dispensasjon for reparasjon av kai båtopptrekk gnr155 bnr14

Vi syner til brev frå Alver kommune datert 23.08.22.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

### Om søknaden

Ing. Taule AS søker om løyve til rehabilitering/vedlikehald av kai og båtopptrekk, samt sikring av grunnmur i naturstein mot utvasking i sjø. Arbeidet omfattar rehabilitering av skadde konstruksjonar i betong, støype plate i båtopptrekk, støyping og forankring av plate langs grunnmur mot sjøsida og støyping av plate ved gavlv mot søraust. Tiltaket vil krevje dispensasjon frå LNF-føremål og byggeforbod langs sjø. Det er søkt om dette til kommunen.

### Vår vurdering

I kartverktøyet vårt [Yggdrasil](#) er det registrert eit nasjonalt viktig gytefelt for torsk med høg verdi i tiltaksområde. Torsken gyt i perioden januar/februar til og med april, og bunnskår i grunne områder i nærleiken av gytefeltet utover i mai. Yngelen er ekstra ømfintlig ovanfor ytre påkjenningar. Vi føreset at arbeidet utførast med størst mogeleg varsemnd for å unngå skade på gytande fisk og yngel. Eit avbøtande tiltak er å leggje arbeidet utanom gyteperioden. Ved fare for spreining av støv og partiklar frå støypingsarbeid bør ein bruke siltgardin.

Utanom tiltaksområdet er det registrert ein låsettingsplass, og område for fiske med aktive reiskap. Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med desse områda.

Til slutt gjer vi merksam på at tiltaksområdet er omfatta av Lindåsosane og Lurefjorden marine verneområde som er regulert i eiga [forskrift](#). Vi føreset at det avklarast med Statsforvaltaren i Vestland om tiltaket kan gjennomførast.

Vi ber om å få kopi av vedtak i saken.

Med helsing

Anne Therese Alnæs Horn  
konstituert seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*

**Mottakarliste:**

Alver Kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
---------------	------------	------	----------

**Kopi til:**

Bergen Havn Farvannsforvaltning Iks	Postboks 6040	5892	Bergen
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	Bergen
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger

